

## Tabell D-fk

### Indeks for berekna utgiftsbehov. Fylkeskommunane

Indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 16) blir berekna ved hjelp av kostnadsnøkkelen med tilhøyrande kriteriedata. Første steg er å berekne den einkilde fylkeskommune sin del av landssummen for kvart kriterium. Så blir den einkilde fylkeskommune sin del av innbyggjartalet i landet berekna (det vil seie innbyggjartalet i fylkeskommunen dividert med innbyggjartalet i landet). Deretter blir indeks for kvart kriterium berekna etter følgjande formel:

$$\text{Indeks}_k = \frac{\text{Fylkeskommunen sin del av kriterium}}{\text{Fylkeskommunen sin del av innbyggjarane}}$$

Ein fylkeskommune som har ein indeks lik 1,0 for kriteriet innbyggjarar 1–18 år har like stor del av 1–18-åringar i landet som av totalt innbyggjartal i landet. Ein fylkeskommune med indeks lik 1,1 for det same kriteriet har 10 prosent større del 1–18-åringar enn delen innbyggjarar. Ein fylkeskommune med indeks lik 0,9 for same kriteriet har 10 prosent lågare del 1–18-åringar enn delen innbyggjarar. Indeks for berekna utgiftsbehov blir berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksane for dei enkelte kriteria etter følgjande formel:

$$\text{Indeks berekna utgiftsbehov}_i = \sum_{k=1}^{14} V_k * I_{ki}$$

$V_k$  er kriterievekt for kriterium  $k$ ,  $I_{ki}$  er indeks for kriterium  $k$  for fylkeskommune  $i$ .

Vekta for kvart enkelt kriterium er vist i kostnadsnøkkelen i tabellen under.

*Kostnadsnøkkel for fylkeskommunane 2017:*

Kriterium	Vekt
Innbyggjarar 1–18 år	0,0337
Innbyggjarar 16–18 år	0,4405
Innbyggjarar 19–20 år	0,0032
Innbyggjarar 67 år og over	0,0051
Innbyggjarar 6–34 år, skalert (ut over 0,32)	0,0648
Innbyggjarar i alt	0,0193
Psykisk utviklingshemma 18 år og over	0,0012
Søkjjarar i høgkostnads utdanningsprogram	0,1006
Reiseavstand	0,0124
Innbyggjarar per km offentleg veg, skalert (ut over 17)	0,0498
Innbyggjarar busett spreidd, skalert (ut over 0,002)	0,0550
Fylkesfaktor båtar	0,0236
Ferjesamband	0,0386
Fylkesvegfaktor drift og vedlikehald (MOTIV)	0,1329
Veglengde fylkesveg	0,0193
Sum	1,0000

Som det går fram av tabellen har innbyggjarar 1–18 år vekta 0,0337 eller 3,37 prosent i samla kostnadsnøkkel. Det betyr at 3,37 prosent av det berekna utgiftsbehov til fylkeskommunane på dei områda som blir dekte av utgiftsutjamninga, er knytt til talet på innbyggjarar 1–18 år.

Indeks for kvart kriterium er vist i kolonnane 2–16. Kriteria er definerte og kriterieverdiane viste i tabell E-fk.

**Kolonne 1 – Indeks for innbyggjarar 1–18 år**

**Kolonne 2 – Indeks for innbyggjarar 16–18 år**

**Kolonne 3 – Indeks for innbyggjarar 19–20 år**

**Kolonne 4 – Indeks for innbyggjarar 67 år og over**

**Kolonne 5 – Indeks for innbyggjarar 6–34 år, skalert**

**Kolonne 6 – Indeks for innbyggjarar i alt**

**Kolonne 7 – Indeks for psykisk utviklingshemma 18 år og over**

**Kolonne 8 – Indeks for søkjarar i høgkostnads utdanningsprogram**

**Kolonne 9 – Indeks for reiseavstand**

**Kolonne 10 – Indeks for innbyggjarar per km offentleg veg, skalert**

**Kolonne 11 – Indeks for innbyggjarar busette spreidd, skalert**

**Kolonne 12 – Indeks for netto driftsutgifter båtruter (fylkesfaktor båtar)**

**Kolonne 13 – Indeks for ferjesamband**

**Kolonne 14 – Indeks for fylkesvegfaktor drift og vedlikehald**

**Kolonne 15 – Indeks for veglengde fylkesveg**

**Kolonne 16 – Indeks for berekna utgiftsbehov**

Vekta gjennomsnitt av kolonnane 1–15. Kolonnen blir brukt i tabell A-fk, kolonne 1.

**Kolonne 17 – Befolkningsdel per 01.07.16 (promille)**

**Kolonne 18 – Del av berekna utgiftsbehov (promille)**

Fylkeskommunen sin del av totalt berekna utgiftsbehov. Kolonnen blir rekna ut ved å multiplisere fylkeskommunen sin indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 16) med fylkeskommunen sin del av innbyggjarane (kol. 17).